



Sjukepleiarane Ellen Schwenke og Evelyn Mehl Willumsen er med i den lokale komiteen. Her flankerer dei prosjektkoordinatoren Ingun Ulstein då studiet om temaet vart gjennomført for nokre år sidan

TV-aksjonen i år, som vert avvikla 20. oktober, vil gje eit løft til forskinga for å løysa demensgåta. Ein uskedaling, sjukepleiar Ellen Schwenke, er medlem av den lokale komiteen i Kvinnherad og ho har gjennom ei årrekke engasjert seg sterkt i dette temaet, mellom anna i eit studie. Denne veka har ho orientert på eit informasjonsmøte på Husnes om alzheimer og andre demenssjukdommar. 70 000 nordmenn er ramma av demens og berekna tal i vår kommune var 230 for 5 år sidan

Det finst ikkje medisinar eller vaksinar som kan hindra eller stoppa eit demensforløp. Den som er råka vert stadig verre og får eit aukande pleiebehov, noko som også vert ei stor belastning for dei pårørande. Dei kan verta sosialt isolerte og få økonomisk tap fordi dei må gå ut av arbeidslivet.

TV-aksjonen skal bidra til å styrkja tilbodet til dei ramma og deira næraste. Gjennom aktivitet kan dei sjuke få fleire gode dagar og hjelp til å meistra daglege oppgåver.

Målet no er å utvikla vaksinar og medisinar som gjer det mogeleg å leva betre med sjukdommen og hindra utviklinga av han. I tillegg vil TV-aksjonen gje forskinga eit løft og få fram informasjon om eit tema som i betydeleg grad har vore tabu.

I årets aksjon vet det lagt stor vekt på 3 område:

- * Å skapa møtepunkt for informasjon
- * Å få tak i aktivitetsvener som stillar opp frivillig
- * Forsking på årsak, behandling og moglege forseinking av sjukdommen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen